

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

**Avdeling for
Kultur, idrett og inkludering (KII)**

Dato	05.10.2022
Vår referanse	2022/88513-2
Dykkar referanse	22/6571 - 22/76112
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

**Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad - landbruksveg - gnr. 106 bnr. 12 -
Kolåsvika - Fanebust - Alver kommune**

Vi viser til Dykkar brev av 04.10.2022 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Fanrbust i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift